



Nynorsk kultursentrum

Protokoll frå styremøte 10.–11. oktober 2019

Olav H. Hauge-senteret, Ulvik

Til stades

Lodve Solholm, Hilde Barstad, Hilde L. Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Jon Østbø, Ellen C. Kvalsund (for Nygård) og Siri Beate Gjerde.

Sekretær

Per Magnus Finnanger Sandsmark.

Frå administrasjonen

Administrasjonssjef deltok i sak 41 og 42. Dagleg leiar Vinje-senteret deltok i sak 40 og 46. Dagleg leiar Hauge-senteret deltok i sak 46. Direktøren deltok ikkje i sak 47–48

32/2019 **Innkalling og sakliste**

Vedtak

Innkallinga og saklista er godkjende.

33/2019 **Godkjenning av protokoll**

Vedtak

Protokollen er godkjend.

34/2019 **Referatsaker**

Vedtak

Styret tek referatsakene til orientering.

35/2019 **Aktuelle saker**

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

36/2019 **Personalsaker**

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

37/2019 **Rekneskap januar–august 2019 og prognose 2019**

Vedtak

1. Styret tek rekneskapen januar–august 2019 til vitende.
2. Styret tek prognosen 2019 til orientering.
3. Ved eit overskot på meir enn 525' i rekneskapen for 2019 har direktøren fullmakt til å disponere dette mellom ventilasjonssystem for samlingane i Ørsta og Ulvik, investeringar i nye nettstader og avsetjing til basisutstilling og andre investeringar Vinje-senteret.

38/2019 Endringar av vedtekter

Vedtak

Styret i Nynorsk kultursentrum bed Kulturdepartementet om å få endre vedtektene til:

§ 1 Føremål

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

§ 2 Grunnfond

Stiftinga skal ha eit grunnfond på minimum 100 000 kroner.

§ 3 Driftsinntekter

Driftsinntektene for stiftinga Nynorsk kultursentrum, medrekna offentleg og privat tilskot, skal gå til å dekkje driftsutgiftene for dei tiltaka stiftinga set i verk og har ansvar for. Overskot skal ikkje betalast ut, men brukast i arbeid for hovudføremålet.

§ 4 Styret

Styret skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet. Det skal føre tilsyn med forvaltning av økonomi og ressursar og vere hovudansvarleg for å gjennomføre stiftingstiltaka.

Styret har sju medlemmer. Fire medlemmer blir oppnemnde av staten for fire år om gongen frå 1. april, to blir oppnemnde av rådet i tråd med § 6 i vedtektene for fire år om gongen, og ein av dei tilsette for to år om gongen. Staten oppnemner to varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje for fire år om gongen. Rådet og dei tilsette oppnemner ein varamedlem kvar, begge for to år om gongen. Ved første gongs oppnemning skal to statsoppnemnde og ein rådsoppnemnd styremedlem med varamedlem oppnemnast for to år. Så langt råd er, skal like mange kvinner og menn oppnemnast eller veljast til styret. Ingen styremedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.

Styret er vedtaksført når minst fire styremedlemmer er til stades.

Innan utgangen av mars kvart år skal styret i møte fastsetje årsoppgjeret. Innan utgangen av april annakvart år skal styret velje leiar og nestleiar. Etter at årsmelding og rekneskap er godkjende i det møtet, er funksjonstida over for det sitjande styret. I nytt møte same dagen tek eventuelle nye styremedlemmer over etter dei som har gått ut. I dette møtet skal leiar og nestleiar veljast for to år om gongen.

Styret skal tilsetje dagleg leiar og utarbeide arbeidsinstruks for denne.

Styret skal kvart år innan utgangen av april sende inn årsoppgjer med revisjonserklæring til Kulturdepartementet.

§ 5 Revisjon

Årsoppgjer skal reviderast av statsautorisert revisor. Revisor blir vald av rådet.

§ 6 Rådet

Rådet skal sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet. Rådet kan vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men kan ikkje gi bindande pålegg til styret.

Rådet skal ha minst 15 medlemmer med personlege varamedlemmer, alle oppnemnde for to eller fire år om gongen. Desse institusjonane har rett til å oppnemne medlem med varamedlem til Rådet:

Det Norske Teatret
Høgskulen i Volda
Høgskulen på Vestlandet
Landssamanslutninga av nynorskkommunar
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
Møre Folkehøgskule
Møre og Romsdal fylkeskommune
Møreforsking
Noregs Mållag
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Noregs Ungdomslag
Rogaland fylkeskommune
Musea på Sunnmøre
Ulvik herad
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Vestmannalaget
Vinje kommune
Volda kommune
Ørsta kommune

Rådet kan samrøystes vedta at nye institusjonar får rett til kvar å oppnemne ein representant med personleg varamedlem til rådet, dersom institusjonen sluttar seg til føremålet for stiftinga og betaler inn minst 10 000 kroner til grunnfondet. Slikt vedtak om tilslutning frå nye institusjonar er ikkje ei formell vedtektsendring i høve til § 8.

Institusjonar som oppnemner representantar til rådet, skal så langt råd er, oppnemne ei kvinne og ein mann. Ingen rådsmedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.

Rådet vel ei valnemnd på tre medlemmer for to år om gongen. Ein av medlemene i nemnda skal vere rådsmedlem, ein annan blir vald etter innstilling frå styret i Nynorsk kultursentrum. Ved kvart val går minst ein medlem ut slik at kvar medlem kan ha ei funksjonstid på inntil seks år.

Rådet skal ha ein ordførar, som skal innkalle til og leie rådsmøta, og ein varaordførar. Ordførar og varaordførar skal veljast for to år om gongen. Vala skal vere gjort innan utgangen av april annakvart år.

Rådet skal oppnemne to styremedlemmer med ein varamedlem og velje revisor for stiftinga.

Rådet skal ha minst eitt møte i året, til drøfting av årsoppgjer og drifta av stiftinga. Rådet er vedtaksført når eit fleirtal av dei oppnemnde medlemene er til stades. Rådsmøta er opne. ~~Styret kan vere til stades på rådsmøta.~~ Stiftinga Nynorsk kultursentrum stiller sekretær til rådvelde for rådet.

§ 7 Godtgjersle

Valnemnda innstiller til rådet om reglar for godtgjersle for verv i Nynorsk kultursentrum og kor stor godtgjersla skal vere. Rådet gjer endeleg vedtak i saka.

§ 8 Vedtektsendringar

Styret kan vedta endringar i vedtektene med 5/7 fleirtal. Framlegg om vedtektsendringar må gå fram av innkallinga til møtet. Før endringar av vedtektene blir vedtatt skal framlegg drøftast i rådet. Vedtektsendringar er bindande frå det tidspunktet dei er godkjende av Kulturdepartementet.

§ 9 Opplysning

Styret kan vedta å oppløse stiftinga med 5/7 fleirtal. Oppløysingsvedtak er berre gyldig dersom rådet har slutta seg til oppløysingsvedtaket med 3/4 fleirtal. Framlegg om oppløysing må gå fram av møteinnkalling. Dersom stiftinga blir oppløyst, skal alle aktiva overførast til eit fond som skal nyttast til å fremje arbeidet for nynorsk skriftkultur.

§ 10 Avhending av eigedom

Den rørelege og urørelege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden.

39/2019 Møteplan 2020 og styrekostnader 2020

Vedtak

1. Styret vedtek møteplanen for styret, med telefonmøte 25. februar, styreseminar 1.–2. april, styremøte 11. juni, styremøte med tur til Vinje 23.–24. september og styremøte 2. desember.
2. Administrasjonen innarbeider styrekostnadene i budsjettet for 2020.

40/2019 Organisering og finansiering av utstillingsarbeidet Vinje-senteret

Vedtak

Til utstillingsplanen i desember 2019 skal administrasjonen leggje fram alternative budsjett med rammer på 6 000 000 kr og 3 500 000. Dersom det ikkje blir løyva kommunalt tilskot i 2019 meiner styret at risikoen er for høg til anbudsutlysing desember 2019 og bed administrasjonen kome tilbake med oppdatert framdrifts- og finansieringsplan seinast mars 2020.

41/2019 Butikk- og kafédrift

Vedtak

1. Nettbutikken Handlenett.no blir avvikla frå 1.1.2020. Styret bed om at administrasjonen i framlegg til nye nettstadstruktur ser på høva til å selje nokre få eigne produkt på nettstaden og om det er mogleg bli profilerte ved relevante saker for vaksne på nettstaden.
2. Styret bed òg om at varelageret for butikkane blir redusert og at det blir utvikla kalkylar for inntening på eigne produkt, inkludert kostnaden av eigen arbeidstid.
3. Administrasjonen arbeider med mål om å avvikle eiga fulltids kafédrift i Aasen-tunet frå seinast 1. januar 2021. Administrasjonen greier ut nytt konsept for kafé i Aasen-tunet,

med samarbeid med eller innleige av ekstern aktør til matsal og -produksjon til seinast juni 2020.

4. Ombygging av resepsjonen og eventuelt nybygg blir vurdert i 2020 og det blir lagt fram sak til styremøtet i desember.

42/2019 Økonomiske rammevilkår og styringsindikatorar

Vedtak

1. Den frie eigenkapitalen skal over tid vere på minst 15,0 prosent av driftsinntektene. Ved særskilde vedlikehaldsprosjekt kan denne bli redusert til 10,0 prosent mot at ein planlegg å byggje opp eigenkapitalen att det neste året.
2. Nynorsk kultursentrum skal ikkje ha over 60,0 prosent av kostnadene bundne til løns- og pensjonskostnader
3. Resultatkravet for 2020 er på 600 000 kr fordelt på avdelingane Administrasjonen (25 000), Aasen-tunet (350 000), Hauge-senteret (150 000), Vinje-senteret (25 000) og Allkunne (50 000).

43/2019 Forskingspolitikk for Nynorsk kultursentrum

Vedtak

Styret sluttar seg til framlegget til forskingspolitikk og forskingsstrategi.

44/2019 Prioriterte tiltak, budsjett 2020

Vedtak

Styret bed administrasjonen prioritere desse tiltaka i arbeidet med budsjett 2020:

1. Full drift av Vinje-senteret, utbygging av basisutstilling og etablering av produksjon for Den kulturelle skulesekken.
2. Forsking publisert i minst eitt fagfelleverdert tidsskrift, deltaking i minst to forskingsprosjekt og klare planar med mål om å kvalifisere to tilsette til konservator NMF i 2021.
3. Tilbod til vaksne eller ungar i minst 75 kommunar.
4. Innsamling og formidling av munnlege minne.

45/2019 Framtidig organisering

Vedtak

1. Styret har som mål å behandle framdrift for framtidig organisering seinast mars 2020.
2. Styret i Nynorsk kultursentrum arbeider med mål om at Nynorsk kultursentrum skal vere ein nasjonal institusjon med fridom til å vere politisk aktør.
3. Styret arbeider for at det framleis skal vere fast verksemd i Ørsta, Ulvik og Vinje, og drive landsomfemnande kunnskapsutvikling og kulturformidling.
4. Det er eit mål at fleire ressursar blir flytta frå sal og administrasjon til kulturfagleg formidling og kunnskapsutvikling og frå lokal formidling til nasjonal formidling.
5. Styret i Nynorsk kultursentrum er opne for dialog med Kulturdepartementet og Nasjonalbiblioteket, og bed administrasjonen om å greie ut mogleg organisering, arbeidsformer og samarbeid.

6. Styret i Nynorsk kultursentrum er opne for at andre offentleg finansierte nynorsktiltak kan bli ein del av verksemda til Nynorsk kultursentrum, og bed administrasjonen ta kontakt med aktuelle aktørar for å samordne innsatsen betre.

46/2019 Avtalar diktarheimen Midtbø, Økland-tunet, Fosse-formidling

Vedtak

1. Styret gir styreleiar fullmakt til å inngå avtale om diktarheimen Midtbø etter forhandlingar med dei andre partane og med styret.
2. Styret gir direktør fullmakt til å inngå intensjonsavtale om Økland-tunet.

47/2019 Arbeidsavtale og løn, direktør

Vedtak

Løn for direktør Per Magnus F. Sandsmark frå 1. november 2019 er 885 000 kr.

48/2019 Evaluering av styrearbeidet

Saka blir utsett til neste møte.

Protokollen er elektronisk godkjend av

Lodve Solholm
Styreleiar

Hilde Barstad
nestleiar

Hilde L. Bjørnsvik

Sæbjørn Forberg

Jon Østbø

Ellen C. Kvalsund

Siri Beate Gjerde

Per Magnus F. Sandsmark
sekretær

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 6 pages before this page
Dokumentet inneholder 6 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 6 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 6 sider før denne side

Detta dokument innehåller 6 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

toimivaltaoikeus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 7 pages before this page

Dokumentet inneholder 7 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 7 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 7 sider før denne side

Detta dokument innehåller 7 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

toimivaltaoikeus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende